



# Plan for økonomistyring

15.02.2019

---

## Innleiing

Fotballgruppa er rekneskaps- og revisjonspliktig som ei undergruppe til IL TRIO. Aktiviteten i fotball gruppa skal tilpassast inntektene. Gjennom god drift og auka inntekter skal aktiviteten aukast. Det er ikkje eit mål i seg sjølv at fotball gruppa skal driva med store overskot, men dette skal gje mulighet til investeringar både i anlegg og drift. Inntektene skal være mest mulig «fotball relatert». Dvs at vi skal prøve gjennom våre aktivitetar både å skape fotball aktivitet og inntekter. Standard aktivitets avgift skal ha ein sosial profil slik at alle kan delta. Deltaking på arrangement opp til 12 år skal være for alle. Dvs at kostnadar med turneringar osv. skal være på eit slikt nivå at alle har mulighet å delta. Fotball gruppa skal være sjølvfinansiert gjennom overføringar frå hovudlaget (andel av felles inntekter), inntektsbringande tiltak og eigenandelar.

## Budsjett

Fotball gruppa utarbeider kvart år budsjett for det kommande året. Kontoplanen er felles for Trio, men bør tilpassast og brukast slik at inntekter og utgifter er gjenkjennande frå år til år og mulighet å følge opp i rekneskaps året. Budsjettet bør alltid vera konservativt, dvs. at ein kun tek med sikre inntekter og tar høgde for alle kjente utgifter. Budsjettet er for godkjenning på årsmøtet i fotballgruppa og er til endeleg formell godkjenning som del av årsmøte i hovudlaget.

## Rekneskap

Kasserar leverer rekneskap til rekneskapsbyrå for føring kvartalsvis (15.04, 15.07, 15.10 og 15.01). Status vert forelagt styret innan den 30 i mnd etter kvartalet (30.04 osv). Rekneskapet følger «regnskapsprinsippet», dvs. at inntekter og kostnadar vert bokført i den regnskapsperiode der posten har oppstått. Rekneskapsåret følger kalenderåret.

Kvart fotballag skal levere rekneskap med alle bilag, kvart halvår. Alle laga skal ha eigne bankkontoar som TRIO IL, fotballgruppa, opprettar i Sparebanken Vest. Det er ikkje lovleg å bruke private kontoar i TRIO regi.

Revisor er felles med hovudlaget og vert godkjent på hovudårsmøtet.

Elles nyttar ein «veileder til NIF's regnskaps- og revisjonsbestemmelser»

## Bankkonto

Bankkontoane vert disponert av kasserer og leiar. Det opprettes kontoer ved behov utover driftskonto. Minst ein prosjekt/sparekonto vil vere normalt.

Husnes Cup har egen konto som vert brukt før og under Husnes Cup. Denne vert «tømt» ved årslutt. Alle lag som har «penger» skal ha egen lagskonto som skal lage rekneskap for kvart år. Kontoane vert disponert av økonomiansvarleg og lagleiar/trenar for dei respektive laga.

**Arrangement**

Kontantinntekter frå kioskdrift/billettinntekter ved A-lags kampar, cupar, e.l., skal alltid teljast opp av 2 personar, og oppgjerskjema skal fyllast ut og signerast av to personar, før økonomiansvarleg leverer pengane i nattsafe.

**Betaling av rekningar/fakturering**

Den som har kjøpt varen eller tenesta skal gjennomgå faktura før den går til utbetaling. Dersom nokon kjem med krav om dekking av utgifter skal dette og godkjennast av ansvarleg i styret. Kasserer betaler rekningar og fakturerer alle krav som gruppa har.

**Kontingent innbetaling**

Kontingent og treningsavgift vert krev inn via Minldrett og er felles for idrettslaget. Dette skjer via e-post varsling, der navnelister pr lag er avgjerande for at dette skal fungere.

**Økonomisk ansvar**

Styret og spesielt kasserer skal følge opp at rutineane vert følgd. For alle lags økonomiske forplikingar hefter heile klubben og ingen lag kan inngå avtaler eller større forplikingar for klubben utan styrets godkjenning. Det er kun fotball styret ved sponsor utvalg som kan inngå sponsoravtaler. Ingen lag har anledning å inngå egne sponsor avtaler av nokon art. Alle eventuelle ansettelser med økonomisk kompensasjon vert gjort/godkjent av hovudlaget.